



Årsmelding 2011

2. DRIFTSÅRET

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad
Organisasjonsnr: 996 124 789

STYRANDE ORGAN 31. DESEMBER 2011

GENERALFORSAMLING:

Medlem kundevald:

Leohnard Eik	Uskedalen	Leiar
Ingvill Gåsemøy Sæberg	Dimmelsvik	Nestleiar
Brynjulf Lie	Herøysundet	
Torgny Nundal	Husnes	
Terje Eikemo	Utåker	
Magny Nedrevåge	Varaldsøy	
Ingvald Nedrevåg	Seimsfoss	
Else E Miljeteig	Åkra	
Magny B. Jaggi	Sunde	
Bjørn Terje Eikeland	Sandvoll	
Bente Haugen	Rosendal	
Magnhild Haugland	Uskedalen	
Steinar Haugan	Valen	
Kjersti Bondhus	Mauranger	
Kristian Hus	Husnes	

Medlem kommunevald:

Jostein Grov	Uskedalen
Øyvind Lernes	Rosendal
Steinar Prestnes	Valen

Varamedlem kundevald:

Kjell Yri	Uskedalen
Jan Martin Skaaluren	Valen
Oddvar Eikenes	Husnes
Lars Arne Revne	Ølve
Frank Søllesvik	Dimmelsvik
Mona I. Eikemo Røstbø	Sunde
Ann Kristin Næss	Varaldsøy

Varamedlem kommunevald:

Kjell Yri	Uskedalen
Ole Torbjørn Holmedal	Utåker

STYRE:

Medlem

Svein Arne Eidsvik	Herøysundet	Leiar
Frødis Sjo Fjellhaugen	Matre	Nestleiar
Synnøve Solbakken	Valen	
Jorunn K. Nordtveit	Valen	

Varamedlem

Olav Ulvenes	Ølve
Gaute Lund	Dimmelsvik
Kjell Yri	Uskedalen

VALNEMND:

Medlem

Leohnard Eik	Uskedalen	Leiar
Kjell Yri	Uskedalen	
Bjørn Terje Eikeland	Sandvoll	
Lars Arne Revne	Ølve	
Kjersti Bondhus	Mauranger	

Om SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Bakgrunn

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad vart skipa 1. november 2010 med forretningskontor i Kvinnherad Kommune.

Forstandarskapet i Kvinnherad Sparebank og representantskapet i SpareBank 1 SR-Bank gjorde i møter den 28. juni 2010 vedtak om at dei interesser, som bankane representerte, ville vera best tente med at sparebankverksemda i Kvinnherad Sparebank vart overteken og vidareført gjennom SpareBank 1 SR-Bank, og at Kvinnherad Sparebank etablerte ei stifting som skal fremja sparebankverksemd i Kvinnherad Sparebank sitt marknadsområde gjennom å eiga eigenkapitalbevis og disponera utbyte til ålmennyttige føremål.

Føremål

Stiftinga sitt føremål er å forvalta eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i SpareBank 1 SR-Bank.

Stiftinga skal i tillegg plassera midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga sitt føremål skal vidare vera å gje bidrag til ålmennyttige føremål.

Ved disposisjonane sine skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Kvinnherad Sparebank.

Ved verksemda si skal stiftinga støtta SpareBank 1 SR-Bank i deira vidareføring av sparebanktradisjonane.

Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og dei rammer som til ein kvar tid fylgjar av regelverket for sparebankstiftingar.

Kapital

Stiftinga vart skipa med ein samla kapital på 350 000 000 kroner.

Grunnkapitalen er på 330 000 000 kroner fordelt på 6 069 934 eigenkapitalbevis i SpareBank 1 SR-Bank, kvart pålydande kroner 25,-. I tillegg til dette vart stiftinga tilført eit kontantbeløp på 20 000 000 kroner frå SpareBank 1 SR-Bank.

Eigenkapitalbevis som stiftinga måtte få utover dei eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga som vederlag for bokførte verdiar i Kvinnherad Sparebank, kan nyttast fritt av styret.

Styret si årsmelding for 2011

Aktivitetar i 2011

Året 2011 var første heile driftsåret. Dagleg leiar vart tilsett i 50 % stilling frå 1. januar 2011.

Året var vore prega av dei aktivitetane som høyrer med til å byggja opp ei vel fungerande sparebankstifting med turvande formelle styringsdokument, rutinar og infrastruktur.

Generalforsamlinga har hatt 2 møter og styret 17 møter i 2011.

Av aktivitetar stiftinga har gjennomført kan nemnast:

- Utarbeiding og vedtak av etiske retningslinjer.
- Utarbeiding og vedtak av finansstrategi.
- Utarbeiding og vedtak av retningslinjer for gåvetildeling.
- Utarbeiding og vedtak av retningslinjer for valorganisering.
- Utarbeiding av internkontrollsystem.
- Utvikling av heimesider og tilhøyrande elektronisk søknadsregistreringsystem.
- Arbeide med spørsmål om skattefritak for stiftinga.

Gåveutdelingar i 2011

Stiftinga hadde ikkje overskot i rekneskapsåret 2010. Det var difor ikkje mogeleg for generalforsamlinga å disponera midlar til gåveutdeling i 2011.

Ved forhandlingane med SR-Bank vart ein samde om at SR-bank skulle tilføra stiftinga ein kontantsum på 20 millionar kroner som gåve. Desse er ikkje del av grunnkapitalen og kan såleis disponerast fritt av styret innan rāmene i vedtektene, m.a. til gåveutdeling.

Styret orienterte generalforsamlinga i møtet 21. juni 2012 om at dei hadde vedteke å dela ut 1 250 000 kroner hausten 2011 og setja av 2 250 000 kroner til gåveutdeling i følgjande år.

Etter utlysing i lokalavisene kom det inn 75 søknader om til saman 13 006 534 kroner i gāver til prosjekt/tiltak med totalbudsjett på nesten 130 millionar kroner.

30 av søknadane vart heilt eller delvis stetta med til saman 1 250 000 kroner.

Gāvemottakarane fekk overrekt gāvene på ei tilstelling i Kulturhuset Husnes 7. desember 2011.

Resultatrekneskapet

Rekneskapet syner eit driftsresultat på minus 2 238 009 kroner.

Resultatet i året vart minus 79 620 642 kroner etter finansinntekter og nedskriving av verdien på finansielle anleggsmiddel.

Dei 6 069 934 eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 SR-Bank stiftinga tok i mot ved skipinga hadde opphavleg samla verdi 330 000 000 kroner. Finansuroa i Europa førte til at også dei norske eigenkapitalbevisa fekk svært store verdifall gjennom året 2011. Marknadsverdien av våre eigenkapitalbevis vart såleis redusert med 80 829 209 kroner til 249 170 791 kroner.

Reduksjonen må først fullt ut til frådrag i resultatrekneskapet og er årsaka til det negative resultatet i året.

Stiftinga fekk i 2011 utbetalt 2 782 033 kroner i utbyte frå SpareBank 1 SR-Bank for dei to månadane (november og desember) i 2010 der vi hadde eigarskap, og hadde i tillegg renteinntekter på 664 543 kroner.

Kapitalen

Eiga var ved årsskiftet 270 501 742 kroner som er ein nedgang på 79 620 642 kroner frå 349 915 373 kroner ved utgangen av 2010. Dette skuldast nedskrivinga av eigenkapitalbevisa.

Grunnkapitalen er 330 000 000 kroner. Udekt tap er som følge av nedskrivinga bokført med minus 61 347 830 kroner.

Hovuddelen av kapitalen er egenkapitalbevis i SpareBank 1 SR-Bank.

Stiftinga eig 6 069 934 egenkapitalbevis til kostpris 330 000 000 kroner. Marknadsverdi av desse var ved årsskiftet 249 194 957 kroner.

Styret kan ikkje selja egenkapitalbevisa i SpareBank 1 SR-Bank som vart tilført ved skipinga og såleis høyrer til grunnkapitalen, utan etter vedtak i generalforsamlinga og godkjenning frå Finanstilsynet.

Likviditeten til stiftinga er god.

Kapitalnedsetjing

Styret vil fremja eiga sak om kapitalnedsetjing til generalforsamlinga for å dekkja akkumulert underskot til og med 2011 og i tillegg etablera ein buffer for grunnkapitalen i form av annan egenkapital slik at gåveutdeling til ålmennyttige føremål kan halda fram vidare på noverande nivå og i tråd med den gåvepolitikken stiftinga har.

Tilsette

Stiftinga har hatt dagleg leiar tilsett i 50 % stilling i 2011.

Administrative tilhøve

Styret i stiftinga har vedteke at kontorstaden skal vera Husnes, og har inngått leigekontrakt med Kertst Eigedom AS om leige av kontor i Stabburshaugen 5, 5460 Husnes.

iDrift AS er engasjerte som leverandør av IT-tenester.

Tveit Regnskap AS er engasjert som rekneskapsfører og Deloitte AS er engasjert som revisor.

Stiftinga nyttar Selmer DA som juridisk rådgjevar.

Indre og ytre miljø

Stiftinga har hatt dagleg leiar tilsett i 50 % stilling i 2011. Det har ikkje vore noko å utsetja på arbeidsmiljøet. Aktivitetane til stiftinga har ikkje ureina ytre miljø, og representerte heller ikkje risiko for slik ureining.

Framtidsutsikter

Året 2012 vil, slik den økonomiske situasjonen i Europa utviklar seg, by på store utfordringar.

SpareBank 1 SR-Bank vart 1. januar 2012 omdanna frå egenkapitalbevisbank til allmennaksjeselskap (ASA). Stiftinga vart i samband med dette tildelt 1 aksje for kvart egenkapitalbevis vi eigde. Stiftinga ser positivt på omdanninga.

SpareBank 1 SR-Bank ASA har no delt ut utbytte til stiftinga for 2011 med 9 104 901 kroner.

SpareBank 1 SR-Bank ASA har våren 2012 gjennomført ein føretrinnssrettsemissjon. Stiftinga har ikkje frie midlar å nytta i emisjonen, men tok del ved å selja ein del av dei tildelte teikningsrettane og nytta deretter salsinntektene til å teikna nye aksjar. Emisjonen vil føra til lågare prosentvis eigardel for stiftinga i framtida.

Stiftinga har no fått svarbrev frå Skatteetaten om at det ikkje føreligg skatteplikt for stiftinga.


Utviklinga i økonomien i Europa og Noreg og at SpareBank 1 SR-Bank ASA held fast på utbyttepolitikken sin også for året 2012, vil vera avgjerande for økonomien og aktivitetane til stiftinga frametter.

Husnes 04. juni 2012
Styret i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad


Svein Arne Eidsvik
Styreleiar


Frøydis Johanne Sjo Fjellhaugen
Styrenestleiar


Synnøve Solbakken
Styremedlem


Jorunn K Nordtveit
Styremedlem


Åsmund Kåre Rørvik
Dagleg leiar

Gåver utdelte hausten 2011

Orgnr	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Tildelt kr
991056785	Omvikdalen Idrettslag	Skileik for born og ungdom	20 000
993817368	Røyserett For Alle	Kjøp av lydanlegg	20 000
985292353	Herøysund Bygdalag	Instrumentering av Sløyden	50 000
995070790	Husnes Indremisjon	Varmepumpe/r til Husnes bedehus	25 000
995399415	Kvinnherad Røde Kors Lokalforening	Omsorg - Tiltak for hygge og sosialt samvær for eldre	30 000
983647472	Husnes Skulekorps	B-bass	50 000
993543314	Husnes Musikklag	Nye uniformar til Husnes Musikklag (60 år)	40 000
993600989	Kvinnherad Handballklubb	Investering i handballutstyr	50 000
974249138	Trio Idrettslag	Fast dekke på Husnes Stadion	100 000
993516953	Ænes og Mauranger Bygdalag	Innkjøp av mikrofonar("Myggar")	25 000
993754390	Odda Ungdomslag	Nytt piano for Odda Ungdomshall	40 000
979751443	Odda Musikklag	Kjøp av klarinettar	25 000
993432784	Rosendal Skyttarlag	Elektronisk Miniatyrbane	60 000
985257280	Rosendal Skulekorps	Nye uniformar til skulekorps	50 000
995336456	Omvikdalen Skytterlag	Elektroniske skiver innandørs (15meter)	35 000
983839509	Idrettslaget Solid	Investering i EKT utstyr til orientering	35 000
983759572	Idrettslaget Ternen	Løypemaskin	50 000
993950181	Seimsfoss Grendalag	Elvepark langs Guddalselva	25 000
883624602	Idrettslaget Trott	Rekreasjonsplass/Helsesportsløypa	50 000
993616087	Kvinnherad Kystlag	Innkjøp av færing	30 000
880686682	Sunde Grendalag	Turveg og rastehytte ved Storemyr	20 000
993939447	Halsnøy Idrettslag	Tribune ved kunstgrasbanen	50 000
997419081	Kvinnherad Mållag	Stølar og setrar i Kvinnherad	35 000
885412912	Uskedal Skulemusikk	Instrument til musikkutvikling av ungdom.	50 000
993741663	Uskedal Idrettslag	Auka ungdomssatsing i skigruppa i Uskedalen	15 000
987035706	Valestiftinga	Toalettanlegg Valebuo, ny pipe Valebuo	75 000
993553425	Varaldsøy Idrettslag	Treningsrom i Varaldsøy bedehus	50 000
989419501	Ænes Grendalag	Oppgradering av Grendahuset på Ænes	25 000
993571148	IL Strand-Ulv	Reparasjon av taket på garderobebygg i Ølve	90 000
993442771	Matre Idrettslag	Treningsenter i gamleskolen	30 000

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Rekneskap 2011

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Resultatrekneskap

NOTAR	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2011	2010
	Lønskostnad	1 130 386	0
	Avskrivning på varige driftsmidler	12 084	0
3	Annan driftskostnad	1 095 539	368 403
	Sum driftskostnader	<u>2 238 009</u>	<u>368 403</u>
	Driftsresultat	<u>-2 238 009</u>	<u>-368 403</u>
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Anna renteinntekt	664 543	91 215
	Anna finansinntekt	2 782 033	0
6	Nedskrivning av andre finansielle anleggsmiddel	80 829 209	0
	Resultat av finansposter	<u>-77 382 633</u>	<u>91 215</u>
	Resultat i året	<u>-79 620 642</u>	<u>-277 188</u>
	OVERFØRINGAR		
	Overført til udekt tap	79 620 642	277 188
	Sum overføringer	<u>-79 620 642</u>	<u>-277 188</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Balanse pr. 31. desember

NOTAR	EIGA	2011	2010
	Anleggsmidler		
	Varige driftsmiddel		
	Driftslausøre og inventar	24 166	0
	Sum varige driftsmiddel	24 166	0
	Finansielle anleggsmidler		
6	Investeringar i eigenkapitalbevis	249 170 791	330 000 000
	Sum finansielle anleggsmidler	249 170 791	330 000 000
	Sum anleggsmidler	249 194 957	330 000 000
	Omløpsmidlar		
	Krav		
	Andre krav	162 184	5 135
	Sum krav	162 184	5 135
2	Bankinnskot, kontantar og liknande	21 144 601	19 910 238
	Sum omløpsmidlar	21 306 785	19 915 373
	SUM EIGA	270 501 742	349 915 373


SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Balanse pr. 31. desember

NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	2011	2010
	Innskoten eigenkapital		
	Grunnkapital	330 000 000	330 000 000
	Annan innskoten eigenkapital	0	19 632 000
	Sum innskoten eigenkapital	<u>330 000 000</u>	<u>349 632 000</u>
	Opptent eigenkapital		
	Udekt tap	-61 347 830	-277 188
	Sum opptent eigenkapital	<u>-61 347 830</u>	<u>-277 188</u>
5	Sum eigenkapital	<u>268 652 170</u>	<u>349 354 812</u>
	Gjeld		
	Avsetjing til plikter		
4	Utsett skatt	0	168 000
	Sum avsetjing til plikter	<u>0</u>	<u>168 000</u>
	Korsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	178 764	192 561
	Skuldige offentlege avgifter	120 243	0
7	Annan kortsiktig gjeld	<u>1 550 565</u>	<u>200 000</u>
	Sum kortsiktig gjeld	<u>1 849 572</u>	<u>392 561</u>
	Sum gjeld	<u>1 849 572</u>	<u>560 561</u>
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	<u>270 501 742</u>	<u>349 915 373</u>

Husnes, 04.06. 2012


Svein Arne Eidsvik
Styreleiar


Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
Nestleiar


Synnøve Solbakken
Styremedlem


Jorunn Kjellfrid Nordtveit
Styremedlem


Åsmund Kåre Rørvik
Dagleg leiar

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2011

Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og NRS 8 – God rekneskapsskikk for små føretak. Rekneskapsprinsippa følgjer under.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eiga og gjeld

Eiga bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Annan eiga er klassifisert som omløpsmidlar. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande reglar lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris, korrigert for nedskrivingar og avskrivingar. Nedskriving vert gjort når forskjellen mellom verkeleg verdi og bokført verdi er vesentleg, og verdifallet ikkje er forventa å vere av forbigåande art. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne planmessig.

Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert vurdert til det lågaste av marknadsverdi og kostpris. Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Note 2 – Bankinnskott

Av likvidar i balansen pr. 31.12.2011 utgjer bundne midlar i skattetrekk kr 80.131. Beløpet dekkjer skuldig skattetrekk.

Note 3 – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnad	2011	2010
Løn	511 304	0
Folketrygd	111 022	0
Pensjonskostnader	25 503	0
Andre ytingar	482 557	0
Sum	<u>1 130 385</u>	<u>0</u>
Antall årsverk sysselsett i rekneskapsåret	<u>0,5</u>	<u>0</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2011

Note 3 forts. – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Ytingar til leiande personar	Daglig leiar	Styret
Løn	439 973	226 564
Anna godtgjersle	6 000	196 500

Kostnader til revisor:	2011	2010
Lovpålagt revisjon	25.000	0
Skatterådgjeving	25.000	0
Andre tenester utanfor revisjonen	129.513	0
Sum	179.513	0

Note 4 – Skattekostnad

Skatt Vest har i vedtak av 3.5.2012 vedteke at stiftinga ikkje er ein skattepliktig stifting. Bokført utsett skatt frå 2010 er tilbakeført mot annan innskoten eigenkapital.

Note 5 – Eigenkapital

	Grunnkapital	Annan innskoten EK	Udekkda tap	Sum EK
Eigenkapital 1.1.2011	330 000 000	19 632 000	-277 188	349 354 812
Utdelte gåver		-1 250 000		-1 250 000
Tilbakeført utsett skatt		168 000		168 000
Resultat i året		-18 550 000	-61 070 642	-79 620 642
Eigenkapital 31.12.2011	330 000 000	0	-61 347 830	268 652 170

Note 6 – Eigenkapitalbevis i Sparebank 1 SR-Bank

	Antal	Eigardel	Kostpris	Marknads- verdi	Resultatført verdiendring
Sparebank 1 SR-Bank	6.069.934	4,80 %	330.000.000	249.170.791	-80.829.209

Sparebank 1 SR-Bank er i 2012 omdanna til aksjesparebank. Nytt selskapsnavn er Sparebank 1 SR-Bank ASA. I forbindelse med omdanninga fekk Sparebank 1 Stiftinga Kvinnherad tildelt aksjar mot eigenkapitalbevis i bytteforholdet 1:1.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad
Notar til rekneskapen 2011

Note 7 – Annan kortsiktig gjeld

I posten annan kortsiktig gjeld inngår vedteke ikkje utdelte midlar med kr 1.250.000.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Resultatrekneskap

	2011	2010
Lønskostnad		
4605 Utdeling gåver	5 000,00	0,00
5000 Lønnskostnader	441 973,80	0,00
5004 Tapt arbeidsfortjeneste	8 212,50	0,00
5090 Feriepenger	54 022,36	0,00
5092 Feriepenger o. 60 år	10 308,35	0,00
5210 Fri Telefon	6 000,00	0,00
5270 Trekkpliktige naturalytelser	31 292,00	0,00
5290 Motkonto fordeler gruppe 52	-31 292,00	0,00
5292 Motkonto fri telefon	-6 000,00	0,00
5330 Styrehonorarer	226 564,00	0,00
5331 Møte godtgjørelse	196 500,00	0,00
5390 Andre godtgjørelser	47 000,00	0,00
5400 Arbeidsgiveravgift	104 202,71	0,00
5405 Arb.g.avg. av feriepenger	6 818,97	0,00
5420 Pensjonskostnader pliktig	16 901,00	0,00
5421 Motpost 5420	-16 901,00	0,00
5920 Yrkesskade forsikring	4 280,00	0,00
5945 Obligatorisk tjenstepensjon OTP	25 502,85	0,00
	1 130 385,54	0,00
Avskrivning på varige driftsmidler		
6015 Avskr.maskiner og inventar	12 084,00	0,00
	12 084,00	0,00
Annan driftskostnad		
6300 Leie av lokaler	66 753,00	5 135,00
6420 Leie datasystemer	375,00	0,00
6540 Inventar og utstyr	7 364,80	0,00
6550 Kostnadsført datautstyr	8 650,00	0,00
6552 Programvarer	15 240,00	0,00
6553 Programvare vedlikehold	5 263,00	0,00
6560 Rekvesita	1 954,11	0,00
6700 Revisjonshonorar	179 512,89	0,00

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Resultatrekneskap

		2011	2010
6705	Regnskapshonorarer	70 137,00	0,00
6725	Honorar juridisk bistand fradr. berett.	164 245,56	363 268,00
6730	Andre tjenester	131 630,63	0,00
6800	Kontorrekvisita	18 293,07	0,00
6840	Aviser, tidsskrifter m.v.	4 430,00	0,00
6860	Møter, kurs, litteratur o.l.	66 678,35	0,00
6890	Andre kontorkostnader	435,00	0,00
6903	Mobiltelefon	11 894,70	0,00
6907	Datakommunikasjon	8 089,85	0,00
6940	Porto	2 992,00	0,00
7100	Bilgodtgjørelser	35 098,40	0,00
7101	Passasjertillegg	657,00	0,00
7140	Reise/diett etter regning	131 476,20	0,00
7150	Diettgodtgjørelse oppg.pliktig	5 688,00	0,00
7152	Diettutland	560,00	0,00
7155	Natttillegg	400,00	0,00
7320	Reklame/annonser	112 110,00	0,00
7400	Kontingenter, fradragsberettiget	38 500,00	0,00
7500	Forsikringspremier	1 716,00	0,00
7770	Bankomkostninger	1 197,50	0,00
7771	Øreavrunderinger	-2,71	0,00
7790	Andre driftskostnader	4 200,00	0,00
		1 095 539,35	368 403,00
Anna renteinntekt			
8050	Renter av bankinnskudd	-22 860,74	-91 215,00
8052	Renteinntekt brukskonto	-16 968,00	0,00
8053	Renteinntekt skattetrekkkonto	-355,00	0,00
8054	Renteinntekt kapitalkonto	-624 359,00	0,00
		-664 542,74	-91 215,00
Anna finansinntekt			
8070	Utbytte	-2 782 032,85	0,00
		-2 782 032,85	0,00

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad**Resultatrekneskap**

	2011	2010
Nedskrivning av andre finansielle anleggsmiddel		
8121 Nedskrivning av finansielle anl. midler	<u>80 829 209,00</u>	<u>0,00</u>
	<u>80 829 209,00</u>	<u>0,00</u>
Overført til udekt tap		
8990 Overført til udekket tap	<u>-79 620 642,30</u>	<u>-277 188,00</u>
	<u>-79 620 642,30</u>	<u>-277 188,00</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad**Spesifikasjon av balansen pr. 31. desember****2011****Driftslausøre og inventar**

1280	Kontormaskiner	24 166,00
		<u>24 166,00</u>

Investeringar i egenkapitalbevis

1350	Egenkapitalbevis Sparebank 1 SR-Bank	330 000 000,00
1351	Nedskrivning egenkapitalbevis	<u>-80 829 209,00</u>
		<u>249 170 791,00</u>

Andre krav

1749	Andre forskuddsbetalte driftskostnader	11 250,00
2511	Tilgodeskatt	<u>150 934,00</u>
		<u>162 184,00</u>

Bankinnskott, kontantar og liknande

1920	Driftskonto 3460 13 05137	1 407 011,96
1925	Konto 3460 13 05129	19 657 457,74
1950	Skattetrekk 3460 13 05145	<u>80 131,00</u>
		<u>21 144 600,70</u>

Grunnkapital

2000	Grunnkapital	<u>-330 000 000,00</u>
		<u>-330 000 000,00</u>

Udekt tap

2080	Udekket tap	<u>61 347 830,30</u>
		<u>61 347 830,30</u>

Leverandørgjeld

2400	Leverandørgjeld	<u>-178 763,93</u>
		<u>-178 763,93</u>

Skuldige offentlege avgifter

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad**Spesifikasjon av balansen pr. 31. desember**

		2011
2600	Skattetrekk	-87 282,00
2770	Skyldigarbeidsgiveravgift	-26 142,00
2785	Påløptarbeidsgiveravgift ferielønn	-6 818,97
		<u>-120 242,97</u>
Annan kortsiktig gjeld		
1500	Vedtatt ikke utdelte midler	-1 250 000,00
2930	Påløpt lønn	-18 721,50
2940	Påløpt ferielønn	-64 330,71
2960	Annen påløpt kostnad	-217 512,89
		<u>-1 550 565,10</u>

Til generalforsamlinga i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad, som viser et underskot på kr 79.620.642. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2011, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og en beskriving av vesentlege anvendte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggjande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga sin utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilde. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av den finansielle stillinga til SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad per 31. desember 2011 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om årsmeldinga og dekking av tap*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, samt framlegget i årsrekneskapen om dekking av tap, er i samsvar med lov og forskrifter og at opplysningane er konsistente med årsrekneskapen.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelingar og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar er føreteke i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvrig.

Bergen, 4. juni 2012
Deloitte AS



Jon-Osvold Harila
statsautorisert revisor

Til generalforsamlinga i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad, som viser et underskot på kr 79.620.642. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2011, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og en beskriving av vesentlege anvendte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggjande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga sin utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilde. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av den finansielle stillinga til SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad per 31. desember 2011 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om årsmeldinga og dekking av tap*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, samt framlegget i årsrekneskapen om dekking av tap, er i samsvar med lov og forskrifter og at opplysningane er konsistente med årsrekneskapen.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelingar og forvalting

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar er føreteke i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvrig.

Bergen, 4. juni 2012
Deloitte AS



Jon-Osvold Harila
statsautorisert revisor